Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Beit og Brom | Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Aal

Emne: Beit og Brom | Bygdelag: Nordbygderne

Oppskr. av: Asle Kirkedelen | Gard: Kirkedelen

(adresse): Leveld | G.nr. 64 Br.nr. 3-4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Emne 8. Beit og Brom.

Beit. Ja beit og ris til krytire har vori brukt her so lengi nokon kan minnast og lenger endaa. Enno brukar dei eindel björkeris men dei högg ikkje so mykje beit no som i gamal tid og vierris har dei slutta heilt med. Eg skal pröve aa gje ei utgreiding um korleids dit var med dette i 1880 aari og utover. Sosnart kyrni maatte setjast inn um hausten, laut karfolkji aat skogen etter beitabuskor ell vierris. Det var ikkje ein dag heile veteren anna kyrni maatte faa nokre riskvistar. Naar dit vart tela um hausten helst fyr snöen kom, maatte dei burt aa rise baade kararne og stundom ogso kvinnfolkji. Dit var helst i aasen ell aaskanten ja ofto burtover i heimfjelli dei riste, der dit var „vierrusti".
(riste, rise, risa, rising).
Reidskapen me brukte var ein „riskrok".
Det var ein liten krok, smidd til gjerne av ein gamal ljaa, med ein tangi som dit var eit skaft ell handtak paa, ell dei tok ein gamal stuttorv aa braut av

1173

av bladet, so det vart ein 5-6 tummar langt.
So tok dei i vierkvistarne med vinstre handi
aa hadde risteroken i högre aa skar av kvist=
arne nede ved marki. Det bedste riset var
smaa vier so ein 40-60 cm lang, men dei
tok den sjölvsagt um den var smaaare
ell grovare. Riset bar dei saman i store
haugar helst passe til eit lass i kvar.
Dei hadde ofte ein 3-4 lass paa kvar gard.
Naar snöen kom köyrde dei det heim aa
la det i ein stor haug (stae) inntil ein hus=
vegg aa sette grindar ikring, so ikkje krytire
kom til det, ell dei la det upp paa eit laagt
hustak. Av dette riset gav dei kyrni inne
i fjöset lidt kvar dag solenge det var de.
Etter 1920-30 aari er det nok heilt slutt

med vierriset.
Beit. Som eg har nemnt i ummet um
skav, so hogde dei jamt mykje beit
her aa köyrde den heim med riset paa.
Dei sette daa beiti upp i ein stor „kost"
antil attaat ein husvegg, ell dei sette
upp tvo stolpar aa la eit sterkt tver=
tre uppaa dei aa sette „beitakosten" att=
aat tvertreet. Det var gjerne lidt ifraa
fjöset der dei daa la med buskorne og det
kallast „beitagaren". Naar ein la med ein
5-6 buskor so et kyrni av alt riset, ja
dei togg upp like til tummetjukke
kvistar. Ikring 1900-1910 slutta dei for
det meste aa löysa ut buskapen og daa
laut me rise av beiti aa gje kyrni riset
inne i baasarne. Stundom brukte dei
ei liti öks aa rise med, men er det helst
lauvkniv dei brukar til aa rise med.

1173
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

DD.

Ei tid brukte me aa lauve nok so mykje, men no er det nok ikkje mange, som brŷr seg med det helder. Det var helst sidst paa sumaren, naar dei var ferdig med slaatten folk tok eit par dagar til lauving. Dei hogde daa björk ell osp, riste av kvistarne med lauvkniven aa badt dei saman i passelig store kjervar medsveg. Naar kjervarne hadde stade ei liti tid, so lauvet var turt bar dei det samen i store haugar „lauvstakk", aa köyrde det heim sosnart det vart snöföre. Det var helst kyrne me ga lauvkjervar, fordi, at dei et upp baade lauv og ris. Me sette daa ofte kjervarne paa enden i vatsholken um kvelden so stulkarne blotna til um morgonen. Er det noken som lauvar no, so er det helst „fenan" (fena er samnamn paa sau og gjeit) som fer det. Dei legg daa nokre lauvkjervar ned i garden aa fenan et daa av lauvet, men riset vert daa ikkje brukt. Bar av furu ell gran er vist ikkje mykje brukt til krytterfor her. Eg hugsar ein gong det vart lite för um vaaren, at me hakka smaatt furubar aa ga kyrni, men dei likte det ikkje.
Fenan derimot, dei pelar mykje „barnele" (barnele, nele er barnaaler og toppen av kvistarne) av furubaret um vitren.
Daa me brukte aa ha barkvistar inn i stallen um viterne, daa et dei av baade borken og „nelen".

1173

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Brom. Rise um vaaren, medan det er brom paa skogen har ikkje vori noko aalment i bruk her. Men eg hugsar at i gamal tid daa det ofto vart lite med för um vaaren „Förlöyse", var det nok sume, som var i skogen aa riste av björki nokre börar aa bar heim, men dette vart helst ~~helst~~ i „förefalle", daa snöen held paa tina vekk, so det ikkje gjekk ann aa köyre. Men truleg kan dette ha vori annarleids i rigtig gamal tid. Mor som var födt 1838, fortalde, at ho hadde köyrt sagt at i gamal tid held dei ikkje helg langfredag men skulde ha det verste arbeid dei kunna tenkja seg. Det var daa mange som riste til skogs paa riseng daa det var rekna for verste arbeidet. Dei skulde ete tidleg um morgonen utan mat, dei skulde altso lida vondt den dagen for aa minnast Jesu lidelse. Er denen segni setande so er det truleg, at det har vori meir risingum vaaren daa det var brom paa skogen, i gamal tid, ell det har vori i dei sidste mansaldre. Som ein ser, so er det mykje slutt med alt slikt hjelpefor, som dei brukte so mykje for ein 50-60 aar sidan, so som skaving, rising, lauvraking, mosetaking og staarslaat. Grunnen er vel, at det er for lite folkehjelp. og at det vert for dyrt aa lige folk til slik aanning. Eg kom til aa hugse paa eit ord dei gamle brukte um skrapfor. Det var „födsleraad". Ordet er no heilt avlagt.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

1173